



CAMP Svalbard



Foto: Ingeborg Runde

Rapport Camp Svalbard vinter 2015



Ung i Longyearbyen

Innleiing

Camp Svalbard vinter starta som eit prøveprosjekt mellom Longyearbyen Lokalstyre, enhet barn og unge (LL), Arktisk Naturguide (ANG) og Longyearbyen Røde Kors Hjelpekorps (LRKH) i 2014, og vart arrangert for 2. gong i år. Campen vart i år lagt til Tellbreen, helga 10.-12.april. Det var 5 jenter og 8 gutar, totalt 13 ungdommar i alderen 13-16 år som deltok. Hovudmålet til Camp Svalbard er at ungdom busett på Svalbard skal oppleve arktisk vinterfriluftsliv, glede og mestring i naturen, under trygge forhold og med kompetente instruktørar.

Forarbeid

Tette samarbeidspartnarar er studentar ved ANG og frivillige hjå LRKH. Studentane ved ANG har vintercampen som ein del av sitt studieopplegg. Ei prosjektgruppe vart danna i oktober 2014. Informasjon om campen vart sendt ut til målgruppa gjennom skulen, på Ungdomsklubben og gjennom andre ungdomskanalar. Informasjon til nye familiar gikk via skulen eller Infotorget. Påmeldinga starta i januar.

Arbeid med å samle saman ressursar, både menneskelege og materielle, starta før jul, og heldt på heilt fram til campstart. Det vart gjennomført eit informasjonsmøte for alle deltakarane med foreldre/føresette før utreise. Målet var her å sikre seg at ungdommane har med seg riktig utstyr til eige bruk.

To personar reiste ut eit par veker før for å sjå på området før campen starta. Tidlegare på dagen før ungdommane kom til Tellbreen, vart det sendt ut ein «fortropp» som sette opp campen og klargjorde store delar av fellesutstyret. Det er mykje utstyr og mange telt som skal settast opp, arbeidet som denne fortroppen gjør, er heilt essensiell for ein vellukka ungdomscamp!



Foto: Ingeborg Runde

Sponsorar og samarbeidspartnarar 2015:

* Arktisk Naturguide * Henningsen
Transport og Guiding * Korkpengestøtten
* Longyearbyen Lokalstyre kultur og idrett * Longyearbyen Røde Kors Hjelpekorps * Store Norske Spitsbergen Kulkompani * Sysselmannen på Svalbard
* Svalbard Miljøvernfond * Sjøhaug Byggservice AS * Svalbard Snøskuterutleige * UNIS *

Logistikk

Eit av delmåla til Camp Svalbard er å «*arbeide med holdningsskapande arbeid, samt fremme arbeid på tvers av sektorer og frivillige organisasjoner/lag i Longyearbyen*». Det meste av utstyret som blir brukt for å arrangere Camp Svalbard vinter, vert lånt av ulike foreningar/lag eller institusjonar i Longyearbyen. Dette har ein stor økonomisk fordel, men det krev mykje logistikkarbeid i forkant og etterkant av arrangementet. Studentar ved ANG og frivillige ved LRKH har gjort ein stor innsats her.

Alt av camputstyr vart i løpet av helga sendt ut og tilbake på beltevogn frå Henningsen Transport og Guiding. Ungdommane og eit par vaksne vart transportert fram og tilbake til campplassen med beltevogn frå Sysselemannen. LL sine lokalar ved gamle brannstasjonen vart brukt som base for utstyr før og etter campen.

Både ungdommar og vaksne overnatta i telt. Samlingspunktet for campen var ein lavvo som Svalbard Snøskuterutleige har i området, fikk vi låne. Denne vart brukt til matserving og andre sosiale kveldsaktivitetar. Andre telt vart også sett opp: telt til matlaging/sikkerhetstelt, to dotelt i tillegg til «tisseborger» (latriner).



Foto: Julian Wystyrk

Sikkerhet

Ein person hadde det overordna ansvaret for sikkerheten i campen. Dette vert sett på som ei svært viktig rolle, då sikkerheita skal prioriterast først. Personen hadde ansvar for å sette opp lister for vakne isbjørnvakter, hadde ansvaret for våpen og ammunisjon samt hovudansvar ved eventuelle ulukker. Alle vaksne i camp rullerte på å stå isbjørnvakt. I tillegg var det isbjørnvakter på alle aktivitetane på dagtid.

Branntepper vart plassert i alle telta med parafinovn eller open flamme. Førstehjelpsutstyr var lett tilgjengeleg i hovudteltet og i matteltet. Matteltet var alltid oppvarma med ei oppslått feltseng tilgjengeleg.

Det vart teikna ei skade-/uføreforsikring på deltakarane knytt til Camp Svalbard. Det var ingen alvorlege personskader i løpet av camphelga.

Mat

Måltidet er ein viktig del når ein er ute og i aktivitet heile dagen, og det vert lagt vekt på at maten skal vere sunn, næringsrik og god. Det var ein matansvarleg på campen, som fikk hjelp av andre vaksne ved behov. Det vart servert havregraut og brødmatt til frukost, og varme måltid til både lunsj og måltid til middag.

Program

Eitt av hovudmåla til Camp Svalbard er å: «*legge til rette for aktiviteter som fremmer fysisk og psykisk helse.*» Det vart lagt opp til eit program basert på vinterfriluftsliv, leia av gruppeleiarar. Ein viktig del av Camp Svalbard er at frivillige lag og foreningar skal vere tette samarbeidspartnarar, slik at dei kan få moglegheita for å synleggjere eigne aktiviteter. Longyearbyen Røde Kors Hjelpekorps (LRKH) hadde dagsaktivitet førstehjelpskurs og skredkurs laurdag. Resten av aktivitetane i løpet av helga arrangerte ANG studentane.

Aktivitetane som vart arrangert var: snøhulebygging med overnatting, kart og kompass, isgrottetur, skileik, snørugby, «camp svalbard games» og andre sosiale aktivitetar som bålkos og historieforteljing. I tillegg til det oppsette programmet, er ein viktig del av det å vere på friluftslivcamp å bli kjent med kvarandre, å dele telt med fleire og anna lek og moro.

Før campen sette prosjektgruppa seg eit mål om at alle deltakarane som deltok i år, skulle ha lyst til å vere med på neste års vintercamp. Det har vore gode tilbakemeldingar frå ungdommane på aktivitetane og vintercampen i heilheit, og på evalueringa svarte 11 av 13 at dei kunne, eller kunne kanskje tenke seg å vere med på vintercampen i 2016.



Foto: Ingeborg Runde



Foto: Julian Wystyrk

Frivillige vaksne

Dei frivillige vaksne som er med på Camp Svalbard er heilt essensielle for at helga vert vellukka. Studentar ved ANG og frivillige frå LRKH er viktige ressurspersonar i arbeidet.

Det var totalt 12 vaksne som deltok på campen. Rollefordelinga var som følger: 6stk i prosjektgruppa (campkoordinator, 2 utstyr/logistikkansvarleg, sikkerhetsansvarleg, aktivitetsansvarleg, matansvarleg), 6stk som fungerte som aktivitetsleiarar, matgruppe og riggegruppe. Alle vaksne fordelte på isbjørnvaktene. I tillegg var det om lag 5 personar som var med i for og etterarbeid.

Konklusjon

Camp Svalbard vinter 2015 vart eit svært vellukka arrangement! Mykje av dette skuldast det gode været (flott temperatur), men også god planlegging i førevegen av camphelga. Det vart gjort klare endringar i planleggingsfasen i forhold til vintercampen i 2014, og dette gav gode resultat. Det var gode tilbakemeldingar frå ungdommane sjølve, samarbeidspartane og føresette. Spesielt nøgd er ein med val av plassering av vintercampen. Med eit så godt resultat, er det eit sterkt ynskje å arrangere Camp Svalbard vinter i 2016. Etter kvart som vintercampen vert godt forankra, ser ein for seg at dette kan bli eit populært vintertilbod til lokal Svalbardungdom.



Foto: Ingeborg Runde